

Emne: 36

Helsing. fakker og adferd.

Sp. 1. Folk segjer „ja“ utan ord med aa nikka
med hovudet, og „nei“ med aa rista paa
hovudet. Med handi aa vinka fraa seg for
„nei“, og til seg for „ja“.

2. Det vanlege var og er at ein helsar paa folk ein
moter antan ein kjenner dei eller ei.

3. Nokon fast regel um kven som skulde helsa
fyrst naar kjinningar raakast var det vel ikkje,
det er vakk um. Det skilde vel noko kvar dei
raakast. Den som kom i heimen til hin, helsa vel
fyrst. Men raakast dei paa ein framand stad var
det vel so at den yngste skulde helsa fyrst, um
det var noko nemnande skil paa alderen daa.

Sp. 4. Hvað sá ein? „Góddag“. Var dult lengi síðan
síst dei raakast og dei búaðle langt frá kvarambe
handhelsa dei og sa „Lakk for síst“.

Til vanleg varð det berre med „góddag“.

„Godt mot“: „Godt í moti“. Naaddo ein allt nokon
eðter vegen sa ein: „Gaa í Góð fræð“, svar: „Kome so til“
(Þetta har vel ein tíð lýtt „Gaa í Gúðs fræð“: Kan ey lentkjís)

5. Nei, det var ikkje vanleg at byggdefolk tok av seg hatten
naar dei móttest í kvardagslaget. Men mótte dei
presken eller han gjekk framum so tok dei av seg
hatten. Samleis naar dei raaka andie embetsmenn
som dei kjende.

6. Hvað det skúlde byða at dei heldt hatten so eller
so, det veit ey ikkje noko ein. Kan ikkje minnst
at ey har høyrð noko ein det.

7. Var ein høgtíðs klædd so maatte det vera høgtíð, og
saa handhelsa ein þaa kvarambe. Med høgtíðja,

i gravferd, brüdtau, Kristning og andre gjestebod.

8. Det var i høytid, glede eller sorg at folk handhelta paa kvarandre. Ja, ein handhelta paa borti og.

9. Det hende sagde at folk klappa kvarandre paa herda av glede til aa syna vens kær, skynsemnd og tilbrü. F Sorg og motgang og.

10. Hallen av naar kyr kje klokka ringde?

Kan ikkje minnest at folk tok av seg hallen naar klokka ringde. Falle høve var det ikkje vanlig.

No vert det helder ikkje gjaldt.

11. Naar folk møtte lik fylgje stogga dei i gonga.

tok av seg hallen, bøygde hovrudek og saag sorgsame ut. Paa ka dei brüdfylgje svinga dei med hallen og saag glade ut.

12. At folk helste paa nesse kring og dyr har ey ikkje minne til.

klakka

13. Helsingi reita seg ikkje so mykje eller ^{klakka} som eller dagen.
 „Gomaren“ sa ein fram til dess det vart ljós dag.
 „God dag“ til dess det tok til dimonast. Daa var
 det „God kveld“. „God natt“, naar ein skildest sein
 paa kveld. Eller var det vanleg at ein sa „Farvel“
 kva tid ein skildes paa dögret.
 „God middag“, var ikkje brukt til helsing her, det eg
 veit um. No hender det ein høyrer det og.

14. Ei helsing som ikkje er rett og høveleg er burt osdsfel og
 jell likesom burt av seg sjölv, og vert lite paa ensa av
 han som far ei svari og skal svara. Ja, gamle folk ser
 det so at det er usomeleg.

15. Vesse svar i slike høve kan eg ikkje minnst aa hava høyst.

16. Bygddefolket helsar rett og someleg eller dag og tid no
 som fyr. „Morn“ heite dögret er ikkje brukt. Men ein
 høyrer det vert brukt i bankelöysa, ein hende gong.
 Det kjem med lilefon, farande folk og anna ferdse, ein

Kvar statur i fraa, im lag som ver og vind. Har like med
rettelig helsing aa gjera.

17. Dei gamle sa ofte til helsing „Guds fred“. svar: „Kome dei
i same fred.“ Denne helsingi høyrer ein mindre av no.

Men desse helsingane er vanlege: „Signe arbeidet“
„Signe kirka“, „Signe skrevet“, „Signe laget“, „Signe malen.“
„Tilgje i god fred“, svar: „Kome so til“, „Skas i god fred“
svar: „Kome so til“, „Til lükke med arbeidet“.

Dele er gamle helsingar som er vanlege den dag idag.

„Signe“ og „Til lükke“ vert brukke im ein annan.

kein kann og seija til eit lystigt lag „Signe dykkar lag“
svar: „Imorgon som i dag“, „Signe sola“, sejer ein og.

18. Andre littalemaalar var det vel og; men eg kjem ikkje
paa feire noll no. Til svar sa ein alltid „Takk“.

Var arbeidet t.d. litt paa skraa av det vanlege
kunde ein svara: „Takk, det kjem vel med“.

„Takk, det spøist kva sig ning - lükke - det vert med det.“
og liknande i den leid.

19. Helsingi tũle tek gjesten iuppalt naar han kjem
inn i slova. "Godday", segger han. Eller, "Godday i slova"
"Godday i hũsel".

20. Kom ein lit tũns og vilde kala med mannen sjõw
kakkar ein paa iũdori. So kjem nokon iũt. Ein spõr ein
mann er heime. Er han det so spõr ein ein dei vil
beda han komma iũt so ein faar kala med han.
Dette er ein vanley maale aa gjera det paa.

21. Ein brũker aa kakka paa dõri fjr ein gaar inn
det gjorde ein fjr og. Men helst paa iũtedõri so ein
maalle gaa iũt og tjaa kven det var.

22. Dei som er inn svarar; "Kom inn". eller og bene. "ja".
Dette er naar nokon kakkar paa inne dõri.

23. Han som kom inn verk slæande med dõra.

24. Hatten hat han av seg med same han kom inn
inn dõra.

25. „Tjaa du jaar silje“, „Finn deg ein sess.“
„Fet deg inn paa benken? eller andre liknande ordelag.

26. Skilnad vart det nok gjordt, men ikkje so mykje med helsing. Ein var meir omsynfulle med fremande enn med meir kvardagsfolk, aa kalle.

27. Fremde som kom inn i stova helse fyrst og sa til vanleg „Godday“, og fekk „Godday til svar“, Sa han „Gomoren“ paa ei tid fekk han Godday til svar, so som gardsfolket syntte det skulde vera.

28. Naar nokon kom inn bad ein dei alltid aa selja seg annan det var fremde eller kjende. Langjarande kjende tok ein seg mest av, trur eg. Ein saag alltid eller um det var lageleg sess, og kvar han stod. Stod han ulageleg til reiske dei seg fraa arbeidst og sette han til rettes. Var det kaldt so sette dei han inn til amnen, eller ein annan stad som var hoveleg. Dei gamle stovene var det lang bord og

langbenkjer. Benkjen frammanfor bordet var til selja seg paa for dei som kom inn. Men denne benkjen var berrekt av husens folk i deira arbeid, til aa leggja eit og anne paa, t. d. ull og klappagg. Bonni Rinde ha leikane sine der m. a. So det var ikkje alltid ryddig seljeplass. Stolane vart fyllte paa av baade leon og vaksone, so det hende segle at dei ikkje stod ^{so} at det var hoveleg seljeplass for langfarande kjende eller framdfolk. Framandfolk. I slike hove rydda inn til seljeplass paa benkjen eller fram ein stol og sette til rettes. Daa tenka dei nok av sessen var det so dei lykte han ikkje var rein.

Kjende kvardeyfolk tok ein del ikkje so hoy bideleg med. "Sit ned"; "sa dei"; "Ta fram denna stolen"; eller: "Skiv til sides detta som ligg paa benkjen so du faa plass." Rinde dei segga. Sjolv sal dei i arbeid.

29. Trambedne gjester vart mottekne ute paa tunet, og vart helsa i sams var med den helsing dei bar fram. "Godday"; "Takk for sist"; "Godday"; ja, sjolv takk for sist.

"Velkomme til gards", "Kom aa gaa inn i stova."

Naar dei kom inn i stova hende det, var det ein aldrig mann eller kvinne med, han sa: "Goddag". Gudsfred i huset." Svar: "Takk, kome de i same fred."

30. Til kvardags sa ein "Farvel", og svar var det same. De besta svara ofte so: "Farvel, Gud signe deg". Og andre paa humar alder sa det same, hoyrde ey.

31. Til avskil sa ein "Farvel", "Farvel". Gud vere med deg". "Lukke paa ferdi", "Lukke paa reisie". "Farvel so far dei aldri ills".

32. At nokon kysse kvarandre til farvel har ey aldri sett paa kygdi. Det hender vel og har hendt, men sjeldan so nokon saag paa.

33. Barn og foreldre kunde kysse kvarandre av glede og godhug.

34. "Gi minn", isaden for kyss sa dei saage fyr. "Dei gav kvarandre minn". Det vert sagt no og. Også i yverforb meining: dei skjellesk.

35. Na kysse paa handa maatte vera life brukst;
hår ikkje eg har sett del.
36. Det spørst. Det var vel i tiefelle^{vera} for aa tynna kakke=
semd for ei gaave.
37. Kysle si eigi hand? Nei del har eg ikkje sett.
38. Ho besta si: "No onaa dei vera god bred han
bror og gjera han mium paa kjakjen".
No sejer dei vel helst, im klemm".
39. Kneka nos. Det var vanlig at vaksne og born
"bylle nase", bylle kjaka, bylle øyre, bylle skalle,
kneka nos, kneka hake. "Bylle" og "kneka" gjekk
im einannan.
40. Born kunde gjera dette med alle vaksne.

41. Det var brukt aa skla nasu til barnet naar far, mor eller andre leika med det. Hva sa dei? Var det-kje noko umlag so: „No skal vi draga til baaten hans Ola“, „Og no skal vi draga baaten inn att“.

42. Kjakje mot kjakje. Born varl bedne um aa vera huse og gjera kvarandre god kjakje..

43. Det var mellom born og foeldre, mellom born og vaksne, mellom born og born. Mellam vaksne var det like brukt.

44. „Til luktke med dagen“, Barne dyp, Konfirmation, brudlaup, aaremaalsdag, bruloring, arkeid.

45. Med jol sa im „God jol“, or som no. „Godt omflade“ -
 „God paaste“, „God pinse“. Andre festdagar:
 „Til luktke..“

46. Vid dodsfall og molgang varl det like sagt.

Torg og medkjensle varl synt ulan rd. 14270

47. Ein handhelsa og sa: "Takk for meg" - for oss,
- for all, - for no, "Takk for denne dag" - for denne
gong. "Takk og are."

48. Den avlidne takka ein út med song naar ein bar
kiska út or stova heime. Det var kalla "aa synggje
liker út". Nokre anna nemning kan ey ikkje
minnast.

49. Vanvyrnad med fakker stog ey like av. Var bruk
like bruk. Men fakker for misserne med ei
kvart sagt eller gjordt, det var oner vanleg.
Det kunde ein faa bil med aa vagge med hovudet
drage paa munne, rikka paa nosi, rengje med
auga.

Det at tvo kvinner kom i skid hende no og daa,
og at ord ikkje bid lenger, daa snudde dei
bakside bil bygde seg fram drog dosi upp
so blanke enden synte. Dei gjorde det same
kaa, so det var like bytt, og ingen saag nokk.
Det var ein maale aa syne vanvyrnad paa, men
hende sjelden.

50. I min ungdom sa vi alltid "de" til far og mor, og til beste foreldri. Samleis til gamle folk, og til andre som ein meinte var meir lerd enn folk fest, eller var mykje vryde. "F" og "fer" har ikkje vore brukt i bygdemålet her.

F sambale med ein betsmann var det nok ein og annan som sa "F" og "fer", 50-60 aar sidan. No høyrer ein det aldri.

51. Han eller "ho" i staden for "de" eller "du", er lite brukt. Fyr sa ein det kankende til prestun og andre som det var vrydnad og aze med. Husmannsfolk til eigaren og, det ey minar aa mimast. Trur ikkje det var vanleg brukt.

Solheim febr. 1959.

Olias Ingvaldson Solheim
borden f. 5 febr. 1883
Wauskdal Tinnjord